

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS AR.
ARKIVNR. 330.01	
330.01 - 1 NOV 2005	
SAKSBEH. 2005/03580-020	SIGN.

SÆRUTSKRIFT AV

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Komite for kultur og oppvekst	17.10.2005	MMT	047/05

Avgjerd av:	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Mette Marei Træland	SFF	N-211	2005001600

HØYRING - FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	07.09.2005	Det Kongelige Barne og Familiedep.	HØYRING - FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN
2	U	20.09.2005	Til barnehagane i Meland kommune	RUNDSKRIV 08 /05 .HØYRING - FRAMLEGG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGANE

Saksutgreiing:

Det ligg føre framlegg til revidert rammeplan for barnehagen.

Ny barnehagelov trer i kraft 01.januar 2006. Rammeplanen er ein forskrift til barnehagelova, jf. § 2, og skal tre i kraft samstundas med lova.

Høyringsutkastet byggjer på rammeplanen frå 1995 og framlegg frå ei arbeidsgruppe som leverte si innstilling 5.juli 2005.

Departementet har sendt ut framlegget til ei rekkje høyringsinstansar, der mellom anna kommunane er sett opp.

Adminstrasjonen har sendt framlegget ut til barnehagane, men det er førebels ikkje kome innspel frå dei.

I høyringsbrevet som ligg ved, beskriv departementet dei sentrale endringane og prinsippa i planen.

Planen er redusert frå 130 til 20 side.

Fag og metodestoff er teken ut.

Dei sentrale prinsippa om syn på barndom, eit heilhetleg læringssyn og barnehagen sin eigenart som arena for lek, omsorg, oppseding, og læring i dagens rameplan er vidareført.

Den understrekar barn sin rett til medverknad, og barnehagen sin plikt til å taka omsyn til det einskilde barn sine føresetnadar og behov.

Planen framhevar at det vert sett tydelege krav til personalet sine haldningar og handlingar i høve til å gje borna eit barnehagetilbod med god kvalitet.

Vurdering:

Administrasjonen vurderar at den nye Rammeplan for barnehagar vil vere eit godt reiskap for å få til eit godt innhald i barnehagen, både for barna og for dei oppgåvene dei tilsette har.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meland kommune har ingen merknader til forslaget om Revidert rammeplan for barnehagen

17.10.2005 KOMITE FOR KULTUR OG OPPVEKST

Ingen merknad

KKO-047/05 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meland kommune har ingen merknader til forslaget om Revidert rammeplan for barnehagen

Rett utskrift

Dato:

20/10 - 05
Kirsti Andersen

Kopi til:

Det Kongelige Barne og Familiedep.